



ÅRDAL
HUNDEKLUBB

ÅRSMELDING 2020



<http://www.ardalhundeklubb.no>

I 2020 har styret i hundeklubben vore samansett slik;

Styret

Verv	Namn	Periode
Leiar	Bodil Selland Nordnes	2020/2021
Nestleiar	Elise Fretheim Neverdal	2019/2020
Sekretær	Anne Grethe Solheimslid	2019/2020
Kasserar	Laila Røneid	2020
Styremedlem	Ingrid Nordbye-Antonsen	2019/2020
Styremedlem	Bjørn Arve Aanes	2020/2021
Varamedlem	Hilde Johanne Myklebust	2020/2021

Revisor	Aud Andersen	2020/2021
Vararevisor	Rune Hunderi	2019/2020

Ingrid valgte å trekke seg hausten 2020 og Hilde Johanne har rykka inn i styret som fast medlem fram til årsmøtet.

Valkomite

Leiar	Rune Hunderi	2019/2020
Nestleiar	Bjørn Arve Aanes	2019/2020
Medlem	Nina Merete Sandvik	2019/2020
Vara	Hilde Johanne Myklebust	2019

Det har vore halde 6 styremøter både fysiske møter og på Teams. Grunna korona, smittevernsreglar og reglar for å samle fleire personar har det i 2020 vore vanskeleg å arrangere medlemsmøter. Fortsetter dette utover 2021 må me vurdere om det skal haldast digitale medlemsmøter.

Saker som styret har handsama er:

- * kursplanlegging
- * agilitystevne
- * investeringar på treningsområdet
- * kjøp av utstyr til aktivitetar
- * drift av klubben

Medlemstal

Medlemstalet var per 31.12.2020 på 98 medlemmer som er ein gledeleg auke på 20 medlemmer sidan 2019.

Økonomi

Klubben har god økonomi, sjølv om rekneskapet for 2020 viser eit underskot. Fleire medlemmer og inntekter på kurs har vore til god hjelp. Agilitystevna som me har arrangerte tidlegare år har gitt klubben litt

sparepeng på konto. Det vart søkt om refusjon for tapte inntekter til stevnet og kurs som var planlagt i 2020. Me fekk tildelt midlar frå «koronamidlane» til kulturdepartementet.

I tillegg har me vore heldige og fått tildeling frå ekstramidlane som Hydro og kommunen lyste ut og me fekk midlar frå Sparebankstiftinga Sparebanken Sogn og Fjordane.

Det kom og inn nokon sponsormidlar som det var søkt om til stevnet vårt og desse har me øyremerka stevnet som er planlagt i 2021.

I 2020 har me investert mykje på treningsområdet. Dette var investeringar som vart vedteke på årsmøte i 2020 og budsjettert med. Dessverre har to leverandørar ikkje fakturert arbeidet tidsnok for å få det med i rekneskapet for 2020 og det fører til at desse utgiftene vert bokført rekneskap for 2021.

Saldo på brukskonto per 31.12.2020 er kr 52049,40 og saldo på stevnekonto er kr 211994,11.

Kurs, treningar og dugnad

Koronavirus og nedstenging av landet har nok ført til at mange fleire har skaffa seg hund. Som hundeklubb har me og merka det rare «koronaåret 2020». I nokon periodar har me måtte avlyse eller utsette planlagde aktivitetar, kurs og treningar.

Det store agilitystevnet vårt i juni måtte avlysast.

Til tross for dette har me klart å gjennomføre:

- Nybegynnar rallylydigheit med Inger Handegård som instruktør
- Kurs i agility med Andrea Huseby som instruktør
- Noseworkkurs med Mari Indrebø Lægreid frå Canis som instruktør
- Kvalpekurs 3-6 mnd. – lokale instruktørar
- Unghundkurs frå 6 mnd. – lokale instruktørar

Det er mange som har fått seg hund i Årdal og etterspørsel på kvelpekurs har vore stor. Litt utfordringar på våren med å arrangere kurs og det var derfor berre tilbod om kvelp- og unghundkurs om hausten.

I tillegg var det inviterte til kvelpekurs i Lærdal, men dette vart avlyst på kort varsel da det kom melding om eit uavklart smitteutbrot i Lærdal dagen før kurset skulle vere. Me prøver å få sett opp igjen eit nytt kurs der i 2021.

Noseworkkurset var eit nytt kurstema i klubben. Dette var absolutt eit kurs der alle kunne delta, uansett nivå og alder på hund. Flink instruktør fekk fram meistring både på to- og firebeinte.

Det har vore gjennomført treningar i dei periodane som det har vore opna opp for at me kunne samle folk. Agilitygruppa starta opp

treninga innandørs om hausten, men det vart ikkje så mange treningar før smittevernskrava sette ein stoppar for det. Utandørs treningar har stort sett gått greitt å halde.

På tysdagar har det vore faste treningar for nybegynnarar og vidarekommande i agility. Det har vore bra oppslutning så vi har som regel delt opp i 2 grupper for å ikkje bli for mange på kvar trening. Deltakinga har vore mellom 6 og 12 hundar på treningane. Dei som konkurrerer eller har som mål å konkurrere har av og til hatt egne treningar i helgane.

Grunna covid 19 har det til tider dessverre ikkje vore mulig å halde treningar.

Vi arrangerte eit kurs med Andrea Huseby i september. Vår oppfatning er at alle kursdeltakarane var veldig fornøyde med den helga.

Torsdagar har det vore faste treningar for nybegynnarar, kvardagslydigheit, konkurranselydigheit og rallylydigheit. Mange flinke hundar og eigarar har møtt på desse kveldane. Ein del har fått interesse for rallylydigheit. Det er ein fin sport som gir både hund og eigar utfordringar og meistring som dei kan bygge vidare på i anna trening.

Det har vore gjort mykje arbeid på treningsområde i 2020. Området er rydda, busker og tre er klypt ned eller fjerna. Gamle brakkene er bytta ut med nye opphaldsbrakker.

Ny container til lagring av agilityutstyr er kjøpt inn og sett opp.

Nye lysmaster med nye armaturar er sett opp.

Ny køyereport på nedsida av området (mot ridesenteret) er montert for å gjere det enklare å hente/levere utstyr med bil.

Enno er det noko arbeid som står igjen før me kan seie oss ferdige. Det er planar om å fjerne litt meir tre, gjerde må reparerast og det vert vurdert å sette opp nytt gjerde rundt heile området. Me vil få på plass ei litt betre løysing med porten ved inngangen frå busshaldeplassen. Det er ønskje om å få til ei toalettøysing. Og det må ordnast litt meir i opphaldsområdet utanfor brakkene, så det blir ein kjekk plass å samlast i grupper ute.

Har me medlemer som vil hjelpe oss med fysisk arbeid eller planlegging av det som står igjen??? Me tek i mot all hjelp ☺

Målet er i alle fall at me i 2021 kan ta i bruk ny opphaldsbrakke til både kurs og møter – og at treningsområdet vårt blir flittig brukt.



Bodil S. Nordnes
-leiar-

Anne-Grethe Solheimslid
- sekretær-

Hilde Johanne Myklebust
- styremedlem-

Elise Fretheim Neverdal
- nestleiar-

Laila Røneid
- kasserar-

Bjørn Arve Aanes
- styremedlem-